

Høyringsnotat - endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning

INNLEIING

Forslaga om endringar i forskrifta omfattar:

Kap. 2 Generell studiekompetanse § 2-2

Kap. 4 Spesielle opptakskrav §§ 4-4, 4-9 og 4-10

Kap. 7 Rangering av søkjarar ved opptak §§ 7-1 og 7-3

Kunnskapsdepartementet har motteke forslag om endringar i opptaksforskrifta frå 10 instansar i 2023. Fleire av forslaga er omtalte i dette høyringsnotatet. Mindre, tekniske endringar, som endringar i namn på studium og andre språklege endringar, blir ikkje sende på høyring, av di det ikkje er naudsynt, jf. forvaltningslova § 37 fjerde ledd, bokstav c.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) legg til grunn at endringar som ikkje påverkar val av fag som elevane gjer i vidaregåande opplæring, kan få verknad frå og med opptak til studieåret 2024-2025. Om eit forslag skal få verknad frå eit anna studieår, er dette nemnt spesifikt i desse forslaga.

Årets høyring inneheld to ulike typar forslag. Forslaga i § 2-2 andre ledd nr. 3 og sjuande ledd og § 7-6 er svar på ei konkret bestilling frå Kunnskapsdepartementet om å sikre betre heimel for GSU-lista og omrekningstabellane i opptak. Dette inkluderer at lista og tabellane er foreslått som vedlegg i forskrifta. Resterande forslag er resultat av innspel frå sektoren.

Forslaga som blir sendt på høyring gjeld

- Generell studiekompetanse i kapittel 2. Departementet foreslår å presisere i forskrifta § 2-2 nr. 3 at det berre er høgare utdanning som kan gi utteljing i studiepoeng. Dagens ordlyd er ikkje tilstrekkeleg i samsvar med gjeldande rett i universitets- og høyskoleloven. Departementet foreslår òg å gi ei klårare omtale av GSU-lista. Dette inkluderer å gjere GSU-lista til eit vedlegg til forskrifta, i staden for å ha ei hyperlenke til lista i forskrifta som i dag, og å forkriftsfeste engelskkravet som tidlegare var eit vedlegg til GSU-lista.
- Spesielle opptakskrav i kapittel 4. Fem forslag om justering av fire spesielle opptakskrav for spesifikke studium.
- Rangering av søkjarar i kapittel 7. Tre forslag som gjeld kodifisering av to eksisterande ordningar i opptakssamanhang, inkludert betra forskriftsfesting av omrekningstabellar som departementet ga direktoratet i oppdrag å utgreie, og eitt forslag om endring av kvotereglane.

Forslag om stryking er merka med ~~gjennomstryking~~ og forslag om ny tekst er merka med **utheving**.

FORSLAGA MED VURDERING

Kapittel 2 Generell studiekompetanse

§ 2-2 andre og sjuande ledd

Gjeldande rett

Søkjarar med utanlandsk utdanningsbakgrunn har krav om å dokumentere ferdigheiter i norsk og engelsk for å kunne få generell studiekompetanse. Krav om norskferdigheiter er allereie del av forskrifta i § 2-2 andre ledd. Per i dag er engelskkravet for generell studiekompetanse for søkjarar med utanlandsk utdanning plassert i språkvedlegget til GSU-lista (sjå også forslag om endring av sjuande ledd nedanfor). Dagens forskrift har ingen annan referanse til krav om engelskferdigheiter i denne samanheng enn at GSU-lista er bindande.

Det følger av § 2-2 andre ledd 3. punkt at «bestått studium i høgare utdanning på minst 60 studiepoeng i norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar» er godkjend som dokumentasjon på norskkravet. Vi viser til Prop. 126 L (2022 – 2023) Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven) merknad til § 11-2, som er ei vidareføring av dagens reglar, der det er presisert følgande om dei tilboda universiteta og høgskulane tilbyr for å gjere søkjarar kvalifiserte:

«Utdanning som universiteter og høyskoler tilbyr for å gjøre en person kvalifisert for høyere utdanning, kan ikke gi uttelling i studiepoeng da dette ikke er å anse som høyere utdanning. Dette gjelder for eksempel forkurs for ingeniøruddanning eller norsk språk og samfunnskunnskap for utenlandske studenter.»

Kunnskapsdepartementet si vurdering § 2-2 andre ledd punkt 3.

Departementet mener at dagens ordlyd gire et feil inntrykk av at årskurset i norsk og samfunnsfag for utanlandske søkjarar er høgare utdanning. Dette er eit tilbod som reint fagleg er på nivå med grunnopplæringa, i tillegg til at det er ein del av kvalifiseringskravet for søkjarar til høgare utdanning. Det kan derfor ikkje gis uttelling i studiepoeng for slike årskurs. Tilbodet legg til rette for for at ein søkjar med utanlandsk vidaregåande opplæring skal oppfylle norskkravet som gjeld om personen søker opptak til ei utdanning der undervisningsspråket er på norsk. Departementet foreslår derfor ei presisering i regelen.

HK-dir sitt forslag til § 2-2 andre ledd

Med endringa foreslått i § 2-2 sjuande ledd nedanfor kan ikkje ein del av språkkravet lenger vere plassert i eit anna vedlegg, og engelskkravet bør uansett hevast til forskrifta av omsyn til synlegheit. Det vil også vere enklare å vise til engelskkravet i andre samanhengar når ein kan gje konkret referanse til forskriftsføresegn. Det er ikkje forslag om å endre innhaldet i regelen.

HK-dir foreslår å ta inn krav om engelsk i føresegna som allereie omtalar krav om norsk. Føresegna deles då inn i to underdelar som kvar synar eit språkkrav, a) og b). HK-dir foreslår samstundes at oversikt over språkkrava også blir inkludert i GSU-lista (jf. endringsforslag til § 2-2 (7)).

§ 2-2 (2) skal lyde:

(2) a) Søkjarar som har utanlandsk utdanning frå land utanfor Norden, må dokumentere bestått utdanning på nivå med norsk 3-årig vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse, jf. sjuette ledd, og i tillegg dokumentere kunnskapar i norsk med éin av desse prøvane:

1. Bestått norsk med 393 timar frå vidaregåande opplæring.
2. Bestått eksamen frå trinn 3 i norsk for utanlandske studentar ved universiteta.
3. Bestått **årskurs studium i høgare utdanning på minst 60 studiepoeng** i norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar.
4. Skriftleg og munnleg test i norsk, høgare nivå («Bergenstesten»), begge vurdert til «bestått» eller betre resultat.
5. Avsluttande prøve i norsk (norskprøven) med ferdigheiter på minimum nivå B2 i alle delprøvar, jf. lov 6. november 2020 nr. 127 om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (Integreringslova) § 37.
6. Frå og med opptak til studieåret 2023–2024 kan kunnskapar i norsk også dokumenterast med en av følgjande kombinasjonar av prøvedelar:
 - a. Bestått eller betre resultat i munnleg test frå test i norsk, høgare nivå («Bergenstesten»), saman med avsluttande prøvar i leseforståing, lytteforståing og skriftleg framstilling frå norskprøven (jf. pkt. 5 ovanfor) med minimum nivå B2 som resultat i alle tre delprøvar.
 - b. Bestått eller betre resultat i skriftleg test frå test i norsk, høgare nivå («Bergenstesten»), saman med delprøve i munnleg kommunikasjon frå norskprøven (jf. pkt. 5 ovanfor) med minimum B2 som resultat.

b) Søkjarar med utanlandsk utdanning som ikkje dekkjer kravet til engelsk med fag frå vidaregåande opplæring (jf. vedlegg I), må dokumentere at dei dekkjer kravet med éin av desse prøvane:

- 1. Faget Engelsk frå norsk vidaregåande skule (140 timar)**
- 2. Test of English as a Foreign Language (TOEFL) med**
 - a. minst 60 poeng på TOEFL iBT
 - b. minst 60 poeng på TOEFL iBT Home Edition
 - c. minst 500 poeng på papirbasert test
- 3. International English Language Testing Service (IELTS) Academic test eller Online academic test med overall Band Score på minst 5,0 eller betre**
- 4. Cambridge ESOL Examinations**
 - a. First certificate in English, eller
 - b. Certificate in Advanced English, eller
 - c. Certificate of proficiency in English
- 5. Pearson PTE Academic eller Academic online med overall score på minst 51**
- 6. The European language certificate (telc)**
 - a. English B2, eller
 - b. English B2-C1 University, eller
 - c. English certificate på C1-nivå
- 7. Fullført og bestått 60 studiepoeng i engelsk språk og litteratur frå universitet**
- 8. Fullført og bestått engelskspråkleg mastergrad**
- 9. Fullført og bestått eitt år i vidaregåande skule eller universitetsutdanning frå Australia, Canada, Irland, New Zealand, Storbritannia eller USA, der undervisningsspråket har vore engelsk.**

§ 2-2. Utanlandsk utdanning, sjuande ledd

Gjeldande rett

Det følgjer av opptaksforskrifta § 2-2 sjuande ledd at «GSU-lista er bindande ved opptak til høgare utdanning.» GSU-lista består av krav til generell studiekompetanse for søkjarar med utanlandsk vidaregåande utdanning, med oppslag for ca. 200 land og i tillegg enkelte internasjonale kvalifikasjonar. For å oppnå generell studiekompetanse er det både krav til utdanning og til språkkunnskapar i norsk og engelsk for å sikre at søkjarane har ei realistisk moglegheit til å gjennomføre studia. Krav til kunnskapar i norsk er felles for alle og er spesifisert i eige vedlegg, mens GSU-lista spesifiserer krav til utdanning og kunnskapar i engelsk for kvart enkelt land som også er i eit eige vedlegg.

Utdanningskravet i GSU-lista inneber i mange tilfelle at det er krav om eitt til to års høgare utdanning i tillegg til fullført vidaregåande skule frå heimlandet for å få opptak til høgare utdanning. Det har mellom anna med variasjonar i utdanningssystem å gjere, ettersom vidaregåande opplæring kan vere avslutta etter ti, elleve, tolv eller tretten års skulegang avhengig av land og/eller delstat.

I 1998 ble GSU-lista (den gong SIS-lista) regulert som vedlegg til forskrift 15. januar 1998 nr. 792 om generell studiekompetanse om grunnlag for opptak til universitet og høgskolar. Då denne forskrifta blei oppheva, blei lista regulert i forskrift 14. november 2002 nr. 1286 om opptakskrav til grunnutdanningar ved universiteter og høyskolar, men då ikkje som eit vedlegg. I kommentarane til forskrifta skriv departementet følgjande under § 4 Utanlandsk utdanning:

Oversikta som er utarbeidd av det tidlegare Samarbeidsutvalet for internasjonale studiesaker (SIS-lista), og som syner om andre lands utdanning ligg på nivå med norsk vidaregåande skole, skal brukast ved opptak av søkjarar med utdanningsbakgrunn frå utlandet.

I 2008 blei GSU-lista regulert som bindande ved opptak til grunnutdanning i forskrift 31. januar 2007 nr. 173 om opptak til høgere utdanning. Då gjeldande forskrift § 2-2 (6) lød: «GSU-listen er bindende ved opptak til høgere utdanning.» GSU-lista vart då ikkje lagt inn som vedlegg til forskrifta, men som ei hyperlenke i forskrifta.

Kunnskapsdepartementet si vurdering

Departementet visar til at GSU-lista er bindande ved opptak til grunnutdanningar, jf. opptaksforskrifta § 2-2 sjuande ledd. GSU-lista inneheld materielle reglar som gjeld rettar eller plikter til eit ubestemt tal, eller ein ubestemd krets, av personar, og krava i GSU-lista får konsekvensar for opptak til høgare utdanning. Krava i GSU-lista blir nytta aktivt i vurdering av om søkjarar med utanlandsk utdanning er kvalifiserte for opptak til høgare utdanning. Dei langt fleste som søker opptak på slikt grunnlag, blir fyrst og fremst vurdert for om dei kvalifiserer for opptak basert på krav i GSU-lista, sjølv om det også finst andre måtar å kvalifisere seg på. Det er ikkje eit krav om å nytte GSU-lista ved opptak til høgare grads studium, er det fleire institusjonar som nyttar den som ei rettesnor ved opptaket til mastergradutdanningar i dei lokale opptaka. I tillegg er lista rettleiande ved vurdering av generell godkjenning av utanlandsk høgare utdanning.

GSU-lista er per i dag ein omfattande tabell som inneheld krav til utdanning og kunnskapar i norsk og engelsk for søkjarar frå dei fleste land i verda, og som inntil vidare er publisert på NOKUT sine nettsider. Departementet meiner at opptaksforskrifta ville blitt uoversiktleg og vanskeleg tilgjengeleg dersom ein omfattande tabell skal inn som føresegn i forskrifta. Omsynet til dei som skal nytte forskrifta, talar for bruk av vedlegg i dette tilfellet. For å gjere GSU-lista betre tilgjengeleg for brukarane av forskrifta, foreslår departementet difor at GSU-lista skal regulerast i opptaksforskrifta ved at den leggjast som vedlegg til opptaksforskrifta i staden for at det berre er ein hyperlenke til lista.

Departementet foreslår å endre opptaksforskrifta § 2-2 (7), og foreslår at GSU-lista blir tatt inn som vedlegg til opptaksforskrifta.

§ 2-2 (7) skal lyde:

GSU-lista er bindande ved opptak til høgare utdanning, **jf. vedlegg I til denne forskrifta.**

Overskrifta til vedlegget skal lyde:

Vedlegg I: Generell studiekompetanse for søkjarar med utanlandsk utdanning (GSU-lista) som vist til i § 2-2 (7)

Kapittel 4 Spesielle opptakskrav

§ 4-4. Spesielle opptakskrav for arkitekturfag og teknologiske fag, femte ledd

Gjeldande rett

Studiet Teknisk bygningsvern og restaureringsarbeid og utøvande tradisjonshandverk har spesielt opptakskrav om relevant fagbrev, utan vidare spesifisering.

Forslag frå Noregs teknisk- og naturvitskapelege universitet (NTNU)

NTNU har varsla at studiet i ei tid har nytta eit anna namn. Dette blir endra redaksjonelt. Samstundes har NTNU foreslått å endre det spesielle opptakskravet til relevant fagbrev eller tilsvarande kompetanse, med moglegheit for å dekkje kravet med langvarig, relevant arbeidserfaring.

HK-dir si vurdering

NTNU sitt forslag er spesielt i at det berre er NTNU som har eit studium av typen, og med dei spesielle opptakskrava, som regelen omfattar. HK-dir ser ingen grunn til å motsetje seg ønsket deira, spesielt ikkje når utvidinga berre vil tene til å kvalifisere fleire søkjarar for opptak. Studiets namn er redaksjonelt endra i teksten nedanfor.

§ 4-4 (5) skal lyde:

(5) *Tradisjonelt bygghandverk* har krav om relevant fag- **eller sveinebrev eller annan tilsvarande kompetanse.**

§ 4-9. Spesielle opptakskrav til enkelte kunstfag

Gjeldande rett

Føresegna gir tilgang til å nytte opptaksprøve ved opptak til kunststudium.

Forslag frå Høyskolen Kristiania

Lærestaden ønskjer å gjere referansen til kunststudia sine meir generell, slik at dei sjølv definerer kva kunststudium som kan falle innunder føresegna. Føresegna sitt punkt j) og k) blir erstatta med «Studium innan kunst og design ved Høyskolen Kristiania» (ny bokstav j). Bokstaveringa i lista blir tilsvarande endra.

HK-dir si vurdering

HK-dir stør at innspelet frå Høyskolen Kristiania kan høyrast, men er usikker på om denne føresegna i det heile er naudsynt, om Høyskolen Kristiania sitt forslag til endring i § 4-10 (11) blir vedteke.

§ 4-9 skal lyde:

§ 4-9. Spesielle opptakskrav til enkelte kunstfag

Ved opptak til desse utdanningane må søkjarar bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette av institusjonen:

a. Scenekunstutdanning

- b. Studium i utøvande og skapande musikk
- c. Forfattarstudium
- d. Studieprogram i dansevitskap
- e. Studium ved fakultet for kunst, musikk og design ved Universitetet i Bergen
- f. Studium ved Kunsthøgskolen i Oslo
- g. Musikkvitskap og musikkteknologi ved Noregs teknisk–naturvitskaplege universitet og musikkvitskap ved Universitetet i Oslo
- h. Kunstfagleg utdanning ved Noregs teknisk–naturvitskaplege universitet og ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet
- i. Studium i utøvande og skapande kunst ved Universitetet i Stavanger
- j. ~~Studium i visuell kunst ved Høgskolen Kristiania~~ **Studium innan kunst og design ved Høgskolen Kristiania**
- k. ~~Bachelor i dansekunst ved Høgskolen Kristiania~~
- l. **k. Bachelorstudium i dansekunst og koreografisk tenking ved Høgskolen i Dansekunst**
- m. ~~l. Bachelorstudium i manus – scenetekst og tv-drama ved NSKI Høgskole.~~
- n. **m. Film- og fjernsynsutdanning ved Høgskolen i Innlandet.**
- o. **n. Årsstudium i instrumentmaking ved Universitetet i Sørøst-Noreg**
- p. **o. Bachelor i teater og drama ved Høgskolen i Volda.**

§ 4-10. Spesielle opptakskrav til diverse fag, tredje ledd

Gjeldande rett

Søkjarar til 2-årig trafikklærarutdanning må dokumentere å ha førarkort klasse B ved opptak og dei tre føregåande åra for å kvalifisere for opptak.

OsloMet og Nord universitet sitt forslag

Lærestadane er dei einaste som tilbyr den aktuelle utdanninga, og dei har levert likelydande forslag. Begge vil ha krav om manuelt gir spesifisert inn i førarkortkravet, og ber om dette skal gjelde frå og med opptaket til studieåret 2024-25.

HK-dir si vurdering

Endringa av opptakskravet er godt grunnleggjande. Kravet om manuelt gir har vore kommunisert på dei aktuelle studia sine nettsider over lengre tid, og har vore ei integrert del av forståinga kring opptak til desse studia. Dertil er det mogleg å skaffe egna type førarrett på relativt kort tid.

Det er ei pågåande revidering av krava til autorisasjon for trafikklærarar, som vil kunne påverke reglane for opptak. Difor foreslår HK-dir å knytte reglane for opptak opp til autorisasjonsreglane, jf. UH-lova § 3-6 (5).

§ 4-10 (3) skal lyde:

(3) 2-årig trafikklærarutdanning har krav om at søkerar må ha hatt gyldig førarkort klasse B (personbil) samanhengande dei siste 3 åra **oppfyller krava til førarkort som gjeld for autorisasjon som trafikklærar.**

§ 4-10. Spesielle opptakskrav til diverse fag, ellefte ledd

Gjeldande rett

Føresegna gir tilgang til å fastsetje spesielle opptakskrav ved somme studium. Spesifikt blir det i bokstav e) gitt tilgang til å nytte opptaksprøve ved opptak til ei gruppe studium ved Høgskolen Kristiania.

Forslag frå Høgskolen Kristiania

Alle spesifikke studiereferansar under e) blir erstatta av ein generell referanse til kunst- og designstudium ved Høgskolen Kristiania, tilsvarende den som er foreslått under § 4-9.

HK-dir si vurdering

HK-dir stør at forslaget kan høyrast og har ikkje merknadar til forslaget.

§ 4-10 (11) skal lyde:

(11) Søkjarar til desse studia og institusjonane må bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette ved institusjonen:

- a. Følgjande studium ved OsloMet – storbyuniversitetet
 - Fotojournalistutdanning
 - Produktdesignutdanning
 - Bachelor i tolking i offentleg sektor
 - Bachelor i norsk tegnspråk.
- b. Animasjon ved Høgskulen i Volda
- c. Industridesign ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo
- d. Studium ved Steinerhøgskolen
- e. ~~Følgjande studium ved Høgskolen Kristiania~~ **Studium innan kunst og design ved Høgskolen Kristiania**
 - ~~Bachelor i Art Direction~~
 - ~~Bachelor i interiørarkitektur~~
 - ~~Bachelor i Grafisk design~~
 - ~~Bachelor i eksponeringsdesign~~
 - ~~Bachelor i tekst og skribent~~
 - ~~Bachelor i film og TV~~
 - ~~Bachelor i lys for scene~~
 - ~~Bachelor i manus~~
 - ~~Bachelor i lyddesign~~
 - ~~Bachelor i spilldesign~~
 - ~~Bachelor i visual effects~~
 - ~~Bachelor i interiørarkitektur~~
 - ~~Årsstudium i lydteknikk og musikkproduksjon.~~

Kapittel 7. Rangering av søkjarar ved opptak

§ 7-1. Generelt om rangering og kvotar, nytt 6. ledd.

Gjeldande rett

Tidleg opptak er ei ordning som fleire av lærestadane nyttar for å kunne gje ei tidleg tilsegn om studieplass før hovudopptaket. Søkjarar som på grunn av spesielle omstende treng tidleg avgjerd i saka si, kan få eit tidleg tilsegn om opptak. For å søkje tidleg opptak må søkjar dokumentere minst éin av desse grunnane:

- a) søkjar er i jobb og har oppseiingstid, eller må søkje permisjon. Dette dokumenterast med ein attest frå arbeidsgjevar om oppseiingstid eller permisjon, eller arbeidskontrakt og lønsslipp frå den siste månaden.
- b) søkjar er sjølvstendig næringsdrivande og skal avvikle verksemda i samband med studium. Dette dokumenterast med ein attest frå Skatteetaten eller føretaksregister om sjølvstendig næringsverksemd.

c) søkjar må flytte med familie på grunn av jobb, barnehageplass eller skulebyte. Dette dokumenterast med ein bustadsattest frå Skatteetaten for søkjar og borna, eller søkjar og ektefelle/sambuar.

d) søkjar har behov for særskilt tilrettelegging på studiestaden. Dette dokumenterast med ein attest frå sakkunnig, til dømes lege.

e) søkjar må søkje opphaldsløyve for å studere. Dette gjeld ikkje for søkjarar frå EU/EØS-land.

Føresegna finst ikkje per i dag, men er del av Samordna opptak sin praksis. Det er av ulike årsaker ikkje alle studium lærestadane kan gje tidleg opptak til, men det er vanleg å tilby dette der det er mogleg og rimeleg.

Forslag frå HK-dir

Tidleg opptak er praksis i opptaket gjennom Samordna opptak. Det har vist seg naudsynt å heimle ordninga, slik at den blir meir synleg for søkjarar og andre.

§ 7-1 (6) skal lyde:

(6) Institusjonar kan gi tidleg tilsegn om opptak til søkjarar som har dokumentert behov for dette, og er kvalifisert for utdanninga dei har søkt. Institusjonane fastsett poenggrensene for tidleg tilsegn om opptak og avgjer kva for studium det er mogleg å søkje om tidleg opptak til.

§ 7-3. Spesielle kvotar, første og andre ledd

Gjeldande rett

Regelen seier at departementet kan fastsetje kvote for førstegongsvitnemål innanfor ei spesiell kvote i særskilde tilfelle. Dei aller fleste spesielle kvotar nyttar i dag kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote innan den spesielle kvota.

Forslag frå HK-dir

For å gjenspegle det som per i dag er praksis for kvotefordeling, foreslår HK-dir å endre føresegna slik:

§ 7-3, første og andre ledd skal lyde:

- (1) Når særskilde forhold gjer det ønskeleg, kan departementet fastsetje spesielle kvotar for enkelte utdanningar, **jf. § 7-2. Spesielle kvotar har andre tilhøyrskriterium enn kvoten for førstegongsvitnemål.**
- (2) Departementet kan i særskilde tilfelle fastsetje **unntak frå** kvote for førstegongsvitnemål eller ordinær kvote innanfor ein spesiell kvote.

§ 7-5. Karakterpoeng, andre ledd

Gjeldande rett

Føresegna gir Kunnskapsdepartementet, eller den institusjonen departementet gir fullmakt, høve til å gi fastsetje omrekningstabellar for søkjarar med utanlandsk vidaregåande skule som kvalifiseringsgrunnlag i opptaket. Samordna opptak har hatt ansvar for å utvikle omrekningstabellar for dei fleste skulesystem i verda, så langt som mogleg. Omrekningstabellar nyttast til å kunne gi søkjarar med utanlandsk utdanningsbakgrunn eit karakterpoenggrunnlag for rangering, basert på samanlikning med det norske karaktersystemet frå vidaregåande opplæring.

Forslag frå HK-dir

Leddet strykast til fordel for ny § 7-6 om omrekning av utanlandske opptaksgrunnlag. Dersom forslaget til ny § 7-6 ikkje blir fastsett, vil den gjeldande føresegna stå ved lag.

§ 7-5 skal lyde:

(1) Grunnlaget for rangering er det same som grunnlaget for kvalifisering. Fag som gir tilleggspoeng kan tas med i rangeringa. Rangering skjer ved berekning av poeng. Karakterpoeng er gjennomsnitt av talkarakterar, med to desimalar, multiplisert med 10.

~~(2) Departementet eller den institusjonen departementet gir fullmakt, kan fastsetje omrekningstabellar for søkjarar med anna utdanning enn norsk vidaregåande opplæring.~~

~~(3) For søkjarar med vitnemål frå norsk gymnas med bokstavkarakterar gjeld fastsett omrekningstabell, jf. § 9-2.~~

§ 7-6. Omrekning frå utanlandske karakterar til norske karakterar (ny)

Gjeldande rett

Per i dag ligg tilgangen til å rekne om frå utanlandske til norske karakterar i § 7-5 andre ledd. Forslaget er å stryke denne, til fordel for ei heilt ny føresegn om slik omrekning. Omrekningstabellane og -reglane nyttast til å gi søkjarar med utanlandsk vidaregåande opplæring som kvalifiseringsgrunnlag ein karakterpoengsum som kan gi grunnlag for rangering i opptaket, basert på karaktersystemet i norsk vidaregåande opplæring. I somme tilfelle kan også poengsummen nyttast til kvalifisering av søkjarar, til dømes til lærarutdanning. Norsk karakterfordeling ligg til grunn for omrekninga. Det finst omrekningstabellar basert på statistikk frå utanlandske utdanningsmyndigheiter, på Samordna opptaks eigeninnsamla statistikk, og lineær omrekning av karakterar. I tilfelle der Samordna opptak ikkje har tilstrekkeleg statistisk grunnlag frå utdanningssystemet, og det i tillegg blir rekna for å vere vesentlege avvik i karakterfordelinga frå den norske karakterfordelinga, får søknadane individuell vurdering.

Forslag frå HK-dir

Omrekning av karakterar frå utanlandsk vidaregåande opplæring er utslagsgjevande for om kvalifiserte søkjarar med utanlandsk utdanningsbakgrunn har ein rettferdig sjanse til å få opptak på fleire studium, og er del av kvalifiseringa til somme studium. Omrekninga er difor bestemmende for desse søkjarane sine rettar, og ordninga bør få ei betre forankring i regelverket. I tråd med argumentasjonen for endring av § 2-2 (7) ovanfor, ønsker departementet å gjere omrekningstabellane synlege og tilgjengelege i forskrifta som eit vedlegg. Endringa av sjølve forskriftsteksten er i tråd med dagens praksis og prinsipp for utforming av omrekningstabellar og rangering i opptaket.

HK-dir foreslår difor at opptaksforskrifta får ei ny føresegn § 7-6 om omrekning av karakterar/resultat frå utanlandsk vidaregåande utdanning. Tabellane blir tatt inn som vedlegg II til forskrifta.

§ 7-6 skal lyde:

§ 7-6. Omrekning frå utanlandske til norske karakterar

(1) Søkjarar med anna vidaregåande opplæring enn norsk skal rangerast ved berekning av poeng eller individuell vurdering, jf. § 7-5 første ledd og § 7-1 fjerde ledd.

(2) Departementet eller den institusjonen departementet gir fullmakt skal fastsetje og halde ved like omrekningstabellar for anna vidaregåande opplæring enn norsk, jf. vedlegg II.

Karakterfordelinga i den utanlandske vidaregåande opplæringa skal samanliknast med karakterfordelinga i norsk vidaregåande opplæring.

(3) Omrekningstabellane skal nyttast til å berekne karakterpoeng, jf. første ledd.

(4) For søkjarar med utanlandsk vidaregåande opplæring der det ikkje finst ein omrekningstabell, skal det nyttast ei lineær omrekning for å berekne karakterpoeng, jf. første ledd.

(5) For søkjarar med utanlandsk vidaregåande opplæring der det ikkje finst ein omrekningstabell, og der lineær omrekning klårt blir urimeleg, skal rangering skje etter § 7-12.

Vedlegg II sin overskrift skal lyde:

Liste over tabellar for omrekning av karakterar frå utanlandsk vidaregåande utdanning